



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Vilde Omholt, 55 57 21 89

## Løyve etter forureiningsforskrifta til mudring og dumping i sjø ved gnr./bnr. 112/29 i Bjørnafjorden kommune for Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS

**Statsforvaltaren gjev Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS løyve til mudring/undervasssprenging og dumping av 3 500 m<sup>3</sup> massar i sjø ved gnr./bnr. 112/29. Formålet med tiltaka er å etablere ei kai og å sikre tilstrekkeleg seglingsdjup.**

**Arbeid i sjø skal ikkje skje i perioden frå januar til og med april av omsyn til gytefelt for torsk. Boblegardin skal nyttast ved all sprenging i sjø.**

**Løyvet er gjeve med heimel i forureiningsforskrifta § 22-6.**

Vi viser til søknad motteken 20. februar 2023.

### Vedtak

Statsforvaltaren gjev løyve til mudring og dumping i sjø til Bjørnafjorden Utviklingsselskap. Løyvet er heimla i forureiningsforskrifta § 22-6. Løyve er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg.


### Gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 7, 18 700 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

### Om tiltaket

Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS søker om løyve etter forureiningsforskrifta til undervasssprenging og dumping av ca. 3 500 m<sup>3</sup> massar ved gnr./bnr. 112/29 i Bjørnafjorden kommune (figur 1). Føremålet med tiltaka er å etablere ei kai for utskipping av tømmer i samsvar med gjeldande reguleringsplan og å sikre tilstrekkeleg seglingsdjup.

Tiltaket er planlagt utført i april 2023, og arbeidet vil halde på om lag 14 dagar.



Figur 1. Oversiktskart over tiltaksområdet og område for låssettingsplassar og fiskeplassar for aktive og passive reiskap.

Det skal totalt sprengast bort ca. 3 500 m<sup>3</sup> massar over eit areal på ca. 1 270 m<sup>2</sup> for å utdjupe ned til vassdjup -10 m. Tiltaket skal utførast ved boring frå lekter og ved hjelp frå dykkarar. Massane som blir grave ut skal tippes rett frå utdjupeingsområdet til dumpeområdet ved bruk av gravemaskin frå lekter. Dumpeområdet har eit areal på ca. 5 000 m<sup>2</sup> og ligg på vestsida av utdjupeingsområdet.

Tiltaksområdet har lite lausmassar, og det forventast at det er god grunnstabilitet. Tiltaket utførast i eit jomfrueleg terreng utan tidlegare verksemd og det er ikkje kjende forureiningskjelder i nærleiken.

Som avbøtande tiltak er det føreslått etablering av bobblegardin for å redusere trykkbølger. Det er også føreslått at området skal filmast med ROV etter ferdig utdjupeing.

## Høyring

Søknaden vert sendt på høyring til Bergens sjøfartsmuseum, Fiskarlaget Vest, Bjørnafjorden kommune og Fiskeridirektoratet. Frist for å gje uttale var 30. mars 2023. Vi fekk følgjande uttaler:

### Bergens Sjøfartsmuseum (07. mars 2023)

Museet kjenner ikkje til kulturminne i Bjørnafjorden kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde tiltaket, men gjer merksam på den generelle plikten etter kulturminnelova (Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne) om stans i arbeid og varsling til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

### Fiskeridirektoratet (31. mars 2023)

Fiskeridirektoratet informerer om at det inst i Samnangerfjorden er registrert eit gytefelt for torsk av Havforskningsinstituttet. Torsken har sin gytetid frå slutten av januar og ut april, og i dette tidsrommet



er fisken særleg sårbar. Tiltaket planleggast utført mars/april som er kjernetid for gytevandrande fisk. Samnangerfjorden er smal og undersjøisk sprenging 14 dagar i gytesesongen vil det være risiko for skremmeeffekt på gytevandrande fisk. Dumping av mudringsmassar vil i tillegg medføre risiko for blakking av sjøvatn. Fiskeridirektoratet råder til at tiltaket i staden utførast i eit tidsrom når livet i havet er mindre sårbart, i november-desember.

Sesongmessig fiske etter pelagiske arter som makrell, brisling og sild føregår i fjorden, og det kan også føregå eit fiske etter hestemakrell i Samnangerfjorden. Undersjøisk sprenging kan føre til skremmeeffektar på fisk og kan såleis ha ein negativ påverknad for utøving av fiske. Fiskeridirektoratet ber om at tiltaket utførast utan risiko for negativ påverknad for fiske, og at mudringsmassar ikkje verte dumpa i registrerte låssettingsplassar. Dei ber om å samrå med lokalkjent fisker i forhold til dumpingsområde.

Det er etablert lakseoppdrett ved lokalitet 12067 Aldalen. Innehavar er AS Bolaks. Fiskeridirektoratet forutsett at tiltaket ikkje medfører risiko for drifta av anlegget i forbindelse med undersjøisk sprenging og trykkbølger, samt risiko for spreining av blakka sjøvatn. Dei forutsett at AS Bolaks opplystast om tiltaket.

## **Statsforvaltarens grunngjeving for løyvet**

### **Rettsleg utgangspunkt**

Mudring, sprenging og dumping i sjø krev løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6 når arbeidet skjer frå lekter. Statsforvaltaren er forureiningsstyremakt etter forureiningsforskrifta.

Statsforvaltaren har vurdert dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket jamført med dei fordeler og ulemper tiltaket elles medfører, jf. forureiningslova § 11. Statsforvaltaren legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 *Handtering av sediment* i vår vurdering av saka. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Statsforvaltaren skal også vurdere tiltaket etter vassforskriftas reglar. Tiltak som gjev dårlegare miljøstand i ein vassførekomst er ikkje lov med mindre det er høve til å gje unntak, jf. vassforskrifta § 12.

### **Avgrensing mot plan- og bygningslova**

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningsforskrifta § 22 dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova. Bjørnafjorden kommune har i e-post til tiltakshavar bekrefta at tiltaket er i tråd med reguleringsplan, og treng heller ikkje dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona etter plan- og bygningslova § 1-8, då det er innanfor definerte byggegrenser i reguleringsplanen.

### **Vår vurdering av søknaden**

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskriftas § 36-2 sine krav til innhald i søknader om løyve etter forureiningsforskrifta.

### **Fare for forureining og negativ påverknad**

Mudring og sprenging i sjø kan blakke vatnet og nedslamme omkringliggende sjøareal. Partiklar i for høge konsentrasjonar kan ha negative effektar på fisk, skaldyr, og marint naturmiljø. Trykkbølgjer i sjø frå undervasssprenging kan skremme, skade og eventuelt drepe fisk som er i nærleiken av sprengingsområdet dersom trykkbølgjene er for høge.



Dersom sedimenta i tiltaksområdet er forureina, kan også forureining verte spreidd. I dette tilfellet skal tiltaket utførast i eit jomfrueleg terreng utan tidlegare verksemd og det er ikkje kjende forureiningskjelder i nærleiken. Statsforvaltaren har derfor ingen mistanke om forureining i sedimenta i tiltaksområdet.

### **Vurdering etter naturmangfaldlova, inkludert fiskeriinteresser**

Søk i databasar via fylkesatlas viser at det ikkje er registrert artar eller naturtypar av nasjonal forvaltningsinteresse innanfor eller i rett nærleik til tiltaksområdet. Det er derimot registrert fleire fiskeinteresser i nærleiken av tiltaksområdet. Det er registrert eit lokalt viktig gytefelt for torsk inst i fjorden og det er registrert eit fiskefelt for aktive og passive reiskap, samt to låssettingsplassar rett sør for tiltaksområdet. I følgje uttalen frå Fiskeridirektoratet går det føre sesongmessig fiske etter artar som makrell, brisling, sild og hestemakrell i fjorden. Bolaks AS har eit anlegg for lakseoppdrett ca. 5 km unna tiltaksområdet.

Mudring og dumping kan påverke deler av vassførekomsten når anleggsarbeidet held på, ettersom det kan førekomme oppkvervling og spreining av partiklar. Partiklane kan gjere skade på det marine nærmiljøet i form av nedslamming, og negativ påverking på blant anna fisk. Frå søknaden går det frem at sjøbotnen i tiltaksområdet er bratt med lite lausmassar, noko som kan gi ein lågare spreingsrisiko. Tiltaket skal utførast på ein mest mogeleg skånsam måte som minimerer spreining av partiklar og tilslamming av vassmassane.

Sprenging i sjø er ein kjelde til undervassstøy og kan utløyse ein fluktrespons hos fisk på opptil fleire kilometers avstand og kan påverke vandringsmønsteret til torsk på veg til gytefelt. Gyteperioden for torsk er frå januar/februar til og med april. Det er viktig at gytmoden fisk kan svømme tilbake til gytefeltet utan å møte på hindringar eller bli skremt og at tiltaket ikkje påverke sjølve gyteprosessen til torsken. Statsforvaltaren vurderer derfor at tiltaket ikkje kan utførast frå 1. januar til 30. april av omsyn til gytetid for torsk.

I søknaden er det føreslått å bruke ein boblegardin rundt tiltaksområdet for å dempe trykkbølger frå sprenginga. Dette vil minske den negative effekten på fisk i området og det vil også kunne minske partikkelspreiing ut frå tiltaksområdet. Statsforvaltaren setter vilkår om bruk av boblegardin ved all sprenging i sjø.

Det er registrert eit anlegget for lakseoppdrett ca. 5 km frå tiltaksområdet. Basert på avstanden til anlegget og dei føreslått avbøtande tiltaka er det lite grunn til å tro at tiltaket vil påverke anlegget negativt. Statsforvaltaren setter som vilkår at innehavar av anlegget, Bolaks AS, skal varslast om oppstart av arbeidet.

Frå sprengingsarbeid kan det bli danna små og store plastbitar som vert spreidd i miljøet. Plast bruker lang tid på å brytes ned, og det har en negativ og uønsket påvirkning på miljøet. Statsforvaltaren stiller vilkår for å avgrense tilførsel av plastavfall til omgjevnadene.

Tiltakets avgrensa omfang og varigheit samt dei føreslåtte avbøtande tiltaka gjer at Statsforvaltaren vurderer risikoen for naturmiljøet når det kjem til spreining av partiklar og undervassstøy som akseptabelt.

### **Vurdering etter vassforskrifta**

I denne saka legg Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ei mellombels påverking og at tilstanden i resipienten vil bli gjenoppretta når arbeidet stansar. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket



vil kunne føre at miljømåla ikkje nåast, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Vurdering etter § 12 vil derfor ikkje vere aktuelt for dette tiltaket.

### Oppsummering

Statsforvaltaren meiner at med dei avbøtande tiltak som krevst i løyvets vilkår, så vil man redusere risiko for spreining av partiklar og andre negative påverknader til eit akseptabelt nivå.

Både forureiningssituasjonen og naturmangfaldet er kartlagt, og kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saka skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er dermed oppfylt. Kunnskapsgrunnlaget for tiltaket er vurdert som tilstrekkeleg, og føre-var prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova er ivareteke ved at tiltaket er regulert med vilkår etter forureiningslova.

Kravet om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å avgrense skade på naturmangfaldet vil bli oppfylt når arbeidet vert utført i samsvar med vilkår i løyvet, jf. naturmangfaldlova § 12.

### Endring og omgjering

De pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Fylkesmannen med heimel i forureiningslova § 18, endre vilkåra i løyvet og sette nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake.

Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. At det er gjeve løyve til forureining, ekskluderer ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56.

### Rett til å klage

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet av sakens partar eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå vedtaket er motteken, jf. forvaltningslova § 28. Eventuell klage skal angje kva det vert klagt på og den eller dei endringane som er ønskt. Vedtak om gebyrsats kan og påklagast. Eventuelle andre opplysningar av betydning for saken bør nemnes. Klagen skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Magne Nesse  
senioringeniør

Vilde Omholt  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1 Løyvets vilkår

Kopi til:

BJØRNAFJORDEN KOMMUNE  
FISKERIDIREKTORATET

Postboks 24  
Postboks 185 Sentrum

5649 EIKELANDSOSEN  
5804 BERGEN



**Mottakerliste:**

**HELLDAL AS**

**BJØRNAFJORDEN UTVIKLINGSSKAP AS**

**Torggata 7**

**5200**

**OS**



## Løyve etter forureiningsforskrifta til mudring og dumping i sjø ved gnr./bnr. 112/29 i Bjørnafjorden kommune for Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS

Statsforvaltaren gjev Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS løyve med heimel i forureiningsforskrifta § 22-6. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 20. februar 2023.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betydning, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de gi beskjed til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

### Statsforvaltarens referanse

Løyvenummer	Anleggsnummer
2023.0359.T	4624.0203.01 mudring Samnangerfjorden 4624.0204.01 dumping Samnangerfjorden

### Bedriftsdata

Bedrift	Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS
Postadresse	Torggata 7, 5200 Os
Kommune og fylke	Bjørnafjorden, Vestland
Org.nummer	928 458 857

Løyve første gang gitt: 21. april 2023		Løyve sist endra:
Magne Nesse senioringeniør		Vilde Omholt rådgjevar

*Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

Endringslogg

<b>Endringsnummer</b>	<b>Endringar av</b>	<b>Punkt</b>	<b>Beskriving</b>



## 1. Løyvet omfattar

### 1.1 Omfang

Løyvet gjev vilkår for å redusere forureining frå mudring og dumping i sjø på gnr./bnr. 112/29 i Bjørnafjorden kommune.

Tiltaka i sjø omfattar mudring/undervasssprenging av ca. 3 500 m<sup>3</sup> over eit areal på ca. 1 270 m<sup>2</sup> og dumping av ca. 3 500 m<sup>3</sup> sprengsteinsmassar på eit areal rett vest av utdjupingsarealet.

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 20. februar 2023 med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

### 1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av arbeidet. Varselet skal sendast minimum ei veke før oppstart av arbeida. Det kan varslast med ein e-post til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no).

## 2. Generelle vilkår

### 2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

### 2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogeleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan føre til endring av utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal være dokumentert.

### 2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 2.5.

### 2.4 Internkontroll

Verksemda plikter å ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet, forureiningslova og relevante forskrifter til lova. Verksemda plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemnda plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av risikoanalyse skal verksemnda sette i verk risikoreduserande tiltak.

Verksemnda plikter å sjå til at den som til ei kvar tid fyller ut, transporterer eller på anna måte handterer massar, har internkontrollsystem i tråd med løyvet.

## 2.5 Beredskap

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i eit rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Verksemnda skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter *Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining* fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast.

## 2.6 Ansvar

Verksemnda er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Verksemnda pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Verksemnda pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

## 2.7 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

## 2.8 Kulturminne i sjø

Tiltakshavar pliktar å gje melding til Bergen Sjøfartsmuseum ([postsjofart@museumvest.no](mailto:postsjofart@museumvest.no)) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemnda må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

## 2.9 Sakshandsaming etter anna lovverk

Dette løyvet fritar ikkje for handsaming og/eller løyve etter anna lovverk som gjeld tiltaket, til dømes hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

### 3. Vilkår for utføring av tiltak i sjø

#### 3.1 Generelt

Tiltaka i sjø skal utførast på ein slik måte at finpartikulært materiale frå sjøbotn og frå sprengsteinsmassar i minst mogleg grad blir spreidd. Sprengingsarbeida skal føregå på ein måte som minimerer undervasstøy og negativ påverknad på marine organismar.

Dersom det oppstår utilsikta forureiningssituasjonar skal arbeidet stanses og korrigerande tiltak gjennomførast.

#### 3.2 Tidsavgrensing

Av omsyn til gyteperiode for torsk skal sprengingsarbeid ikkje gå føre seg i perioden frå januar til og med april.

#### 3.3 Sprengingsarbeid

Sprenging skal vert gjort på ein måte som minimerer spreining av forureining og skal gjennomførast så skånsamt som mogleg. Mengde sprengstoff som skal nyttas ved kvar sprenging, skal dimensjonerast med den hensikt å redusere risikoen for påverking på ytre miljø, inkludert spreining av trykk, partiklar og plast. Det skal nyttast boblegardin under alt sprengingsarbeidet i sjø for å minimere undervasstøy.

Verksemda skal ta kontakt med Bolaks AS i god tid før anleggsstart for å informere om oppstart av arbeidet.

#### 3.4 Aktsemd ovanfor framande organismar

Aktsemd ovanfor framande organismar Vestland fylke har gjennom dei siste årene registrert ein auking i observasjonar av fremmedarten japansk sjøpung, allment kjent som havnespy. Denne arten har stort invasjonspotensiale, og høg økologisk effekt. Det er ingen kjente observasjonar i tiltaksområdet, men arten er observert fleire stader i fylket. Statsforvaltaren minner derfor om plikta til aktsemd i henhold til forskrift om framande organismar § 18. I den står det at den som iverksette tiltak som kan medføre utilsikta spreining av fremmande organismar i miljøet skal opptre aktsamt for å hindre at aktiviteten medfører uheldige følger for det biologiske mangfaldet. Frå § 18 del a og b vises det til at tiltakshaver skal ha kunnskap om risikoen aktiviteten inneberer, kunnskap til å treffe forebyggjande tiltak og kunnskap til å raskt avdekke utilsikta spreining av framande organismar

### 4. Avfall

#### 4.1 Generelt

Verksemda plikter, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at det vert danna avfall som følgje av tiltaket. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogleg.

Verksemda plikter å sørge for at alt avfall, også farleg avfall, blir handtert i samsvar med gjeldande regler for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

## 4.2 Plastavfall

Det skal gjerast tiltak for å avgrense spreining av plastavfall til omgjevnadene. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal loggførast. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall skal inngå i overvaksingsplanen. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak.

## 5. Overvaking og kontroll, og rapportering til Statsforvaltaren

### 5.1 Plan for overvaking og kontroll

Det skal utførast kontroll og overvaking av tiltaka i sjø etter ein kontroll- og overvaksingsplan. Denne skal lagast i tråd med anbefalingar gjeve i *Rettleiar for handtering av sedimenter M-250/2015*, og stette løyvets vilkår.

Overvakinga skal vere tilstrekkeleg til å avdekke eventuell spreining av forureining i samband med gjennomføring av tiltaka.

### 5.2 Sluttrapport

Verksemda skal sende ein sluttrapport til Statsforvaltaren innan 8 veker etter at tiltaket er gjennomført.

Rapporten skal innehalde:

- Omtale om korleis arbeidet er utført (metodar).
- Opplysningar om mengder masse som faktisk har blitt mudra/dumpa (i m<sup>3</sup>).
- Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva slags korrigerande tiltak som ble satt i verk.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

## 6. Tilsyn

Verksemda plikter å la representantar frå Statsforvaltaren føre tilsyn med anlegget når som helst.